



**BYGLAND
KOMMUNE**

Med hjarta i Bygland

Byglandsnytt nr. 54 – februar 2024

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.komr
www.bygland.kommune.no

Neste utgåve: 04. mars 2024. Send tips innan 28.02.

Helsing frå ordføraren

Kjære alle saman!

Før jol handsama kommunestyret budsjett og økonomiplan, og landa eit samrøystes vedtak. Vi er mellom anna einige om å jobbe meir målretta mot utanforskap. Det er no gratis for alle å bruke symjehallen på Bygland som kan skilte med god temp i vatnet og sauna, med opent to kveldar i veka.

Det blir ny ungdomsklubb og folkebibliotek i Bygland sentrum, og vi prioriterer å gjere Pakkbua på Byglandsfjord enda meir tilgjengeleg for alle. Vi rustar opp Årdalshallen med lydanlegg og møblar, Kulturscena på Bygland får også eit løft. Vi skal tilsette ein Levekårskordinator som skal gjere det lettare å jobbe heilskapleg med levekår og betre samarbeid på tvers av fagfelt og miljø. Det blei også vedteke å opprette ei 20 % ungdomsarbeidarstilling med fokus på Byglandsfjord.

Budsjettramma for kulturmidlar er auka med kr 100.000. Frivilligsentralen blir godt bemanna. Gode møteplassar for alle og konkrete tiltak for meir fellesskap og innanforskap altså.



I tillegg legg vi opp til søskenmoderasjon på tvers av SFO og barnehage og eit gratis måltid i veka på ungdomskulen frå hausten av.

Og så er vi offisielt i gong med Bygland som omstillingskommune. I seks år skal vi få ekstraordinær støtte over statsbudsjettet til å drive med næringsutvikling. Vi skal jobbe målretta for å gjere det lettare for folk å flytte til oss, for samskaping og tillit mellom næringsliv, kommune og innbyggjarar, fleire arbeidsplassar og eit berekraftig og inkluderande samfunn.

Det er fleire viktige saker som arbeidast med framover. Til dømes kommunens arealplan, og revidering av reguleringsplan for Byglandsfjord. Vidare korleis vi kan legge til rette for meir bustadbygging, fleire tilgjengelege bustadar og attraktive tomter.

Klarar vi no å jobbe saman frå nord til sør, heie fram dei som vil noko og ta vare på kvarandre så er det god grunn til å ha tru på framtida.

Med venleg helsing

Runar Granheim, ordførar i Bygland

Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **NAV Bygland**: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekantor**, Sentrum 18, 4745 Bygland
- **Evje legekantor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

| | Bygland | Evje |
|---------|----------------|---------------|
| måndag | | 08.00 - 15.00 |
| tysdag | 08.00 - 15.00 | 08.00 - 15.00 |
| onsdag | 08.00 - 15.00 | 08.00 - 15.00 |
| torsdag | 08.00 - 15.00 | 08.00 - 15.00 |
| fredag | | 08.00 - 15.00 |

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinik tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

| | Bygland | Byglandsfjord |
|---------|---------------|---------------|
| måndag | 11.30 – 15.00 | 16.30 - 19.00 |
| tysdag | 16.00 – 18.00 | 10.00 – 14.15 |
| torsdag | 13.00 – 17.00 | |

Kunngjeringar

Ingen aktuelle kunngjeringar for tida.

*Kunngjeringar frå Bygland kommune finn du på heimesida:
bygland.kommune.no/kunngjeringar/*

Politiske møte, sakspapir og protokollar

- **Kommunestyremøte:** 08.02. kl. 09.00
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 27.02. kl. 09.00
- **Levekårsutvalet:** 28.02. kl. 09.00
- **Formannskapet:** 29.02. kl. 09.00

Ledige stillinger i Bygland kommune

Bygland kommune: Moglegheitsutviklar for omstillingskommunen Bygland

Vil du vere med på å bane veg for skaparkraft og begeistring i ein feiande flott Agder-kommune?

Bygland kommune søker etter ein moglegheitsutviklar som kan leie omstillingsprogrammet.

Dette er eit engasjement i 100% stilling i tre år, med moglegheit for fast tilsetjing dersom prosjektet held fram i ytterlegare tre år.

Prosjekteigaren er kommunen. Moglegheitsutviklaren er prosjektansvarleg, og rapporterer til eit eige omstillingsstyre. Dette styret er sett saman av representantar frå både næringslivet og kommunen. Innovasjon Noreg og Agder fylkeskommune bidreg med fagleg oppfølging.

I startfasen vil moglegheitsutviklaren også jobbe tett på det eksisterande næringsarbeidet i Bygland. På denne måten kjem ein kjapt inn i kommunen si næringssetting.



Moglegheitsutviklaren vil også arbeide tett saman med fagmiljøet i kommunalområdet Samfunn. Dei har ansvaret for det noverande utviklingsarbeidet i Bygland.

Ansvarsområde og arbeidsoppgåver:

- leie arbeidet med omstillingsprogrammet i samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar
- vidareutvikle og følgje opp den godkjende strategiske planen for omstillingsarbeidet, samt aktivitetar og prosjekt i tråd med årleg handlingsplan
- vere ein proaktiv og samlande moglegheitsutviklar i prosjektet
- sikre engasjement gjennom ein involverande prosess i ulike fasar av prosjektet
- bygge omdøme og samspel mellom kommunen og lokalsamfunnet gjennom aktivt kommunikasjonsarbeid
- kommunisere og rapportere framdrift og resultat i relevante fora

Vi ønsker gjerne at du har:

- relevant høgare utdanning på masternivå (relevant erfaring kan kompensere for utdanningskravet)
- utdanning og/eller erfaring frå prosjektleiing
- erfaring frå utviklingsarbeid innan privat eller offentleg sektor, samt innsikt i det offentlege verkemiddelapparatet
- god kompetanse i bruk av digitale verktøy
- erfaring frå informasjonsarbeid vil bli tillagt vekt

Søknad, CV og vitnemål sendast snarast. Bygland kommune har nynorsk som målform.

Dersom du har spørsmål om stillinga, ta gjerne kontakt med våre rådgjevarar i Headvisor:

- Merete Svendsen – mobil 95 18 63 31, merete.svendsen@headvisor.no
- Janne Siri Horne – mobil 90 72 11 64, janne.horne@headvisor.no

Alle førespurnader blir behandla konfidensielt inntil anna er avtala.

Vi gjer merksam på at informasjon om søkarar kan bli offentleggjort sjølv om søkar har bede om at søknaden får fritak frå offentlegheit. Søkarar vil bli varsla dersom oppmodinga om reservasjon ikkje kan imøtekomast (jf. Offentleglova § 25).

For full annonsetekst sjå Bygland kommune si heimeside.

Bygland Kommune, Helse og omsorg: Ferie-/sommarvikarar 2024

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4706676341

Om stillinga

Bygland kommune har behov for ferievikarar til eining for helse og omsorg sommaren 2024. Kjerneperioden er 1.6.24 - 11.8.24, men det vil vere mogleg å starte tidlegare for nokon, samt arbeide lenger for andre. Stillingsstorleiken vil vere varierende ut frå våre behov, men for dei aller fleste vil den ligge mellom 60-100 %.

Vi søker flinke og pliktoppfyllande sommarvikarar til Byglandsheimen (sjukeheim), open omsorg (heimebaserte tenestar), psykiatri og habilitering, samt innan kjøkken og heimehjelp (praktisk bistand).

- Alle over 17 år med interesse for fagfeltet kan søkje.
- Søkjarar til open omsorg (heimebaserte tenester) må ha førarkort klasse B.
- Søkjarar til heimehjelp må ha førarkort klasse B og disponere eigen bil.

Det er viktig at du i søknaden oppgjev kva for periode du kan arbeide. Dei som kan jobbe heile sommarperioden vil bli prioritert.

For ytterlegare informasjon, ta kontakt med:

- Psykiatri / habilitering/ heimehjelp: Avdelingsleiar Silje Christine Stangvik, tlf. 97 75 00 26. E-post: silje.stangvik@bygland.kommune.no
- Byglandsheimen / open omsorg: Avdelingsleiar Sofie Oliegreen, tlf. 94 18 90 36. E-post: sofie.oliegreen@bygland.kommune.no

Sjuke-/vernepleiar-/legestudentar som er ferdige med studiane tidlegare enn kjerneperioden bes om å ta direkte kontakt med oss.

Arbeidsoppgåver

- Turnusarbeid for stillinger i pleien.
- Vanleg arbeidstid for stillinger innan heimehjelp, kjøkken, reinhald, m.a.

Kvalifikasjonar

- Fagutdanna, eller søkjarar under helsefagutdanning blir prioritert
- Det vert kravd gode kommunikasjonsferdigheiter i norsk, både skriftleg og munnleg
- Det er ønskjeleg med grunnleggande IKT-kunnskap

Kontaktinformasjon

Leif Sigurd Helle, Tenesteleiar helse-og omsorg, +4795052813,
leif.sigurd.helle@bygland.kommune.no

Folkemusikklærer i kulturskulen - ei felles satsing på folkemusikk og -dans i øvre Setesdal (kommunane Bygland, Valle og Bykle)

Det er ledig ei spennande interkommunal stilling. Det er i 3-årig interkommunal prosjektstilling, med moglegheit for forlenging. Stillinga kan bli delt på to personar

Arbeidsoppgåvene vil vere:

- Opplæring i folkemusikk, i eitt eller fleire av kompetansefeltene hardingfele, munnharpe, kveding eller folkedans.
- Skape entusiasme gjennom folkemusikkaktivitetar for barn og unge.
- Rekrutteringsarbeid i samarbeid med det frivillige og andre aktuelle.
- Vere ein synleg utøvar i lokalsamfunnet.

Stillinga kan bli delt på to personar.

Kontaktinformasjon:

Torunn Charlotte Nyberg, leiar Kultur og fritid Valle kommune
E-post: torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no
Telefon: 970 61 587

Samfunn

Bygland blir omstillingskommune

Bygland kommune i Setesdal har fått status som omstillingskommune.

Målet med det statlege programmet er å:

- bidra til ei positiv utvikling gjennom nye arbeidsplassar, samt sikre dei eksisterande
- bidra til eit meir robust og variert næringsliv
- bidra til auka utviklingsevne hjå næringslivet og kommunen

Wepost 🍌 Bygland Municipality 💜



Dei første skritt i denne prosessen har starta:

1. **Prosjektansvarleg:** Det blir tilset ein moglegheitsutviklar som er prosjektansvarleg, og rapporterer til eit eige omstillingsstyre. Dette styret er sett saman av representantar frå både næringslivet og kommunen. Innovasjon Noreg og Agder fylkeskommune bidreg med fagleg oppfølging.
2. **Ope møte med innbyggjarane** (gjennomført 11.01.2024 på Revsnes Hotell): Møtet med informasjon om prosjektet, foredrag om liknande prosjekt i Noreg og Danmark, diskusjonspanél med representanter frå næringslivet i Bygland. Severing: Lokale matprodusenter i Bygland/Setesdal. – Oppmøtet var svært godt.
3. **Marknadsføring på sosiale media** (SoME): SoMe-kanalene skal få eit løft mtp historiefortelling, design, rekkevidde, og målgruppe orientering. For å nå eit nasjonalt publikum og skreddersydde målgrupper har Bygland kommune inngått eit samarbeide med IT-selskapet Wepost AS som skal hjelpe kommunen med utvalgte posts.
4. **Ope møte for næringsdrivande i Bygland:** Bygland kommune inviterer til ope møte med næringslivet på Revsnes Hotell, Byglandsfjord tysdag 06.02.2024 kl. 17.00 – 19.00. (sjå plakat s.xx) I møtet vil vi drøfte følgjande spørsmål:
 - Kva vil det bety i praksis?
 - Kva moglegheiter ligg og ventar?
 - Kva skal til for å skape ei utvikling der næringslivet blomstrar?

Vi ser fram til å få fram enda meir skaparkraft og nye tankar i Bygland.

Drift og forvaltning

Agder fylkeskommune fornyar avtale om gratis energirådgeving gjennom Energiportalen.no

Energiportalen.no er eit gratis tilbud om å bli meir klimavenleg, og samstundes spare pengar. Difor har Hovedutvalg for næring, kultur og miljø fornya avtalen om energirådgeving.

På Energiportalen.no kan alle analysere eigen bustad og finne ut kor energi- og miljøvenleg den er. Målsettinga med avtalen er å fremje kunnskap og bevisstgjere innbyggjarane på Agder om eige energibruk og gi råd om reduserer energibruken. Energiportalen si nettbaserte løysing har



vist seg å vere ein god måte å kommunisere energiforbruk og energiltak på. Tilbodet er finansiert av Agder fylkeskommune og blir levert i samarbeid med kommunane i fylket.

Du kan søke opp bustaden din på energiportalen.no. Du kan på desse sidene søke på adressa di for å rekne ut dagens energibruk og straumkosnad. Legg inn opplysningar om bustadstandard, oppvarming og informasjon om husstanden for ei best mogleg analyse.


Portalen gir deg informasjon om kva energisparande tiltak som er mest effektive for bustaden din. Nytt av året er at lokale utøvande meistarar er lista og tilrådd på Energiportalen.no. Det gjer det enklare å gjennomføre økonomiske klimatiltak, som samstundes støttar opp om lokalt næringsliv.

Ekstra tilskot til grøfting/drenering på Agder 2024

Fylkestinget i Agder vedtok i desember 2023 å løyve 1 million kroner til landbruket for å auke dreneringsaktiviteten i fylket.

Fylkeskommunen bidreg med tilskot til drenering av dyrka mark i 2024 etter følgjande satsar:

- Systematisk grøfting, profilering og omgraving: 2 000 kroner per dekar.
- Annan grøfting: 30 kroner per løpemeter grøft avgrensa oppad til 2 000 kroner per dekar.



Tilskotet er eit supplement og styrking av den statlege ordninga til drenering som i dag blir forvalta av kommunane. Midlane erstattar ikkje dei statlege midlane, men skal forsterke desse. Ekstraordinære midlar frå fylkeskommunen føreset difor godkjent statleg dreneringstilskot frå kommunen og med mål om å forbetre jordkvaliteten.

Søknadsprosessen

Det er eit mål at ordninga skal vere enkel å søke på:

- Du søker først om ordinært statleg tilskot til grøfting/drenering til kommunen
- Når kommunen har godkjent søknaden, blir ein kopi av kommunen sitt tilsagnsbrev sendt til Agder fylkeskommune på e-post: postmottak@agderfk.no. Fylkeskommunen vurderer tilsagn om ekstraordinært tilskot og sender tilsagnsbrev.

Når arbeidet er gjennomført, blir det sendt kopi av vedtak om utbetaling frå kommunen, og fylkeskommunen betaler ut ekstratilskotet frå fylkeskommunen på bakgrunn av dette.

Tilskotsordninga gjeld søknadar som er innsendt frå 01.01.2024 og tiltak som ikkje allereie er igongsett.

Tiltaket må vere gjennomført i løpet av 2026.

Meir informasjon?

Landbruksrådgjevar i kommunen eventuelt Norsk Landbruksrådgivning (NLR - grøfteplanar), eller Agder fylkeskommune (ekstratilskot) kan svare på spørsmål.

Informasjon om den statlege ordninga finn du på nettsidane Lovdata.no eller hos Landbruksdirektoratet.no.

Klima- og miljøprogrammet i jordbruket

Statsforvaltaren i Agder har fått fylkesvis tildeling innanfor Klima- og miljøprogrammet i jordbruket.

Programmet omfattar tiltak som er knytta til:

- klimatilpassing
- klimagassutslepp
- jord
- naturmangfald/kulturminne i kulturlandskapet
- forureining til vatn, jord og luft



Bilete: Marit S. Kvaale

Du kan lese meir om programmet på Statsforvaltaren i Agder si nettside: statsforvalteren.no/nb/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Miljotiltak/

Fokus på natur på årets Topplederforum for Klimapartnare

Torsdag 25. januar 2024 samla Topplederforum, i regi av Klimapartnare Agder, over 80 deltakarar frå partnerverksemdene i Agder

Fokus i år: Natur

Forumet hadde i år fokus på natur, og det blei ein formiddag fylt med gode innlegg og diskusjonar. Alexander Haneng frå NHO gjekk gjennom kva reguleringar frå EU som påverkar oss no og som vil påverke oss framover,

medan Espen Evensen Reinfjord frå AsplanViak presenterte verktøy som kommune, og andre, kan bruke i arbeidet med å verdsette natur slik at vi kan ta gode avgjersler i framtida.

I år var det tre deltakarar frå Setesdal. Frå venstre: Magnus Berg frå Valle, Even Simensen frå Bygland og Siv Therese Kile Lie frå Evje og Hornnes.



Foto: Klimapartnere Agder

Om Klimapartnare

Klimapartnare er eit offentleg-privat samarbeid som:

- formidlar klimakunnskap
- utviklar og fremjar grønne forretningsidear
- skapar møteplassar for klimadebatt
- samhandlar regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Slike nettverk hjelper oss i kommunen til å vere betre rusta til å møte klimautfordringane og krava i framtida til lågutsleppsamfunnet.

Les meir om Klimapartnare i Agder på nettet: klimapartnere.no/agder/
(Tekst henta frå Evje og Hornnes kommune.)

Gratis familiebadning på Bygland

Frå og med 1.1.24 er det gratis å bruke badebassenget på Bygland skule. Familiebadning er open tysdagar og fredagar frå kl. 17.00 – 20.00.



I skuleferien er symjehallen stengt. Symjehallen opnar etter haustferien og held open t o m fyrste veka etter påskeferien.

Det er tillat med 35 personar i bassenget. Kjem det fleire enn det samstundes, kan det oppstå ventetid før du har lov til å hoppe i bassenget.

Badereglar i Bygland symjehall

- Ta kontakt med badevakta for registrering når du kjem.
- Det er påbode med badetøy i **heile anlegget**. Dette gjelder også barn med badebleie.
- Barn under 12 år må ha med seg ein person over 18 år.
- Barn over 12 år må kunne symje for å gå aleine i bassenget.
- Vask deg utan badetøy før du brukar symjehallen/badstova
- Mobiltelefon er forbode inne i symjehallen.
- Bygland kommune har ikkje ansvar for evt. tap og skadar på personlege gjenstandar som følgje av opphald i anlegget. Verdisaker oppbevarast på eget ansvar.
- Tyggis, snus, mat og drikke o. l. er forbode inne i symjehallen/badstova.
- Rydd badeleikene etter bruk.

Badstova

- Ikkje juster på omnen. Ta kontakt med badevakta ved behov.
- Ikkje hell vatn over omnen. Overdriven bruk av vatn kan føre til kortslutning.

Økonomi og administrasjon

Mange prosjekt på gang

Dei tilsette i avdelinga har hatt ein hektisk periode i haust og vinter, mellom anna med gjennomføring av kommunevalet, innføring av ny heimeside, innføring av nytt økonomi-, personal- og lønssystem, og



ferdigstilling av kommunen sitt budsjett for 2024-2027, for å nemne noko, samstundes som at alle dei daglege oppgåvene må gå sin gang. Med innføring av nye system, krev det og mykje arbeid og ekstra ressursar med å sette nye rutinar i heile organisasjonen.

Etter Runar Granheim, som jobba på avdelinga, blei valt som ordførar i haust, er Rita Skjeggedal blitt tilsett som økonomikonsulent. Hennar hovudoppgåve er å føre kommunen sitt rekneskap. I tillegg så har avdelinga fleire andre oppgåver, som til dømes å sende ut fakturaer, krevje inn ubetalte fakturaer, fordele og betale fakturaer som kjem til kommunen frå leverandørar, lage budsjett og årsmelding, registrere og utbetale lønn, fråværsregistrering, pensjon, søknadar om startlån, søknadar og sals- og skjenkeløyve, beredskap, administrering av politiske val, sekretariat for politiske utval, sentralbord og kundemottak, skrivning av Byglandsnytt, publisering på sosiale medium, heimeside og intranettside, og fordeling og journalføring/arkivering av all inngåande post til kommunen frå alle kanalar. Avdelinga har i tillegg systemansvar for datasystema som blir brukt innanfor dei nemnte fagområda.

Per i dag er følgjande personar tilsett i avdelinga: Anne Brit Lien, Jorunn Sørлие Tveiten, Rita Skjeggedal, Rune Larsson, Susanne Hegenscheidt og Knut Olav Forgard.

Informasjon om utsending av fakturaer:

I samband med at kommunen har innført nytt økonomisystem, må ein beklage at ein har blitt litt forsinka med utsending av faktura på enkelte tenester. Dette gjeld for også for dei andre kommunane i Setesdal, som har bytta til same system i



samband med at ein har blitt med i det interkommunale IKT-samarbeidet IKT Agder. No som det nye systemet er i full drift, satsar ein på å kome i normalt «gjenge» utover våren.

Dei som mottek fakturaer på kommunale avgifter blir uansett ikkje påverka av dette, då dei månadlege fakturaene på kommunale avgifter normalt blir sendt med forfall månaden etter månaden det gjeld. Dei som mottek fakturaer på kommunale avgifter per kvartal, får fakturaen som normalt i slutten av februar.

Ein vil og gjere merksam på at fakturaene frå det nye økonomisystemet vil sjå litt annleis ut enn tidlegare. Elles vil det ikkje bli endringar, og det er ikkje noko fakturamottakarane treng å gjere i samband med dette.

Ein minner og om at det er mogleg å velje om ein vil få fakturaer på kommunale avgifter per månad, per kvartal eller årleg. Dette kan ein endre sjølv på kommunen si heimeside, ved å søkje på «MinEigedom» i søkjefeltet øvst og logge inn via BankID på lenka som kjem opp i søkeresultata.

Opplysningar om eigdommen din

MinEigedom er ein portal der du loggar på med BankID. Du får innsyn i relevant informasjon som kommunen har om din(e) eigedom(ar). Løysinga gir mellom anna informasjon om eigdommen, kart, bygningar med bygningsnummer, kommunale gebyr, vann- og avløp, renovasjon, vassmålar og feiing.

[Logg inn på MinEigedom ↗](#)

Løysinga gir mellom anna informasjon om

- Eigdommen
- Kart
- Bygningar med bygningsnummer
- Kommunale gebyr
- Vatn- og avløp
- Renovasjon
- Vassmålar
- Feiing

MinEigedom er tilgjengeleg heile døgnet på alle digitale plattformer, og du er ikkje avhengig av kommunehuset sine opningstider.

Helse og Omsorg

BYGLANDSHEIMEN

Open dag - onsdagar kl. 11.00 – 14.00

Velkomen til hyggeleg treff i Storstoga på Byglandsheimen med kaffe, ein smakebit og varierende underholdning.

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, tlf. 90 22 55 03, trivselskoordinator på Byglandsheimen



Bilete: Byglandsheimen av Margit Smedsland

Flyktningteneste informerer:

Vil du/dykk tilby språkpraksisplass?

Flyktningane treng ein språkpraksisplass. Kan arbeidsplassen din bidra?

Bygland kommune har busett ca. 50 flyktningar i 2022 og 2023. I 2024 kjem det kanskje fleire.

Mange av desse er vaksne som deltek i introduksjonsprogrammet med mål om å få arbeid eller utdanning, og vi treng nye praksisplassar i tida framover.

Ved å gje ein flyktning ein sjanse til å lære om arbeidslivet og trene på å snakke norsk gjer arbeidsplassen din ein viktig jobb for integrering.

Deltakarane som er i språkpraksis har rett på introduksjonsstønad. Det vil seie at det er kommunen som betalar «lønn» mens deltakarane er i språkpraksis.

Kvifor skal du tilby språkpraksis?

- Deltakar i praksis kan bidra med arbeidskraft i bedrifta.
- Det gjev bedrifta di moglegheit til å rekruttere.
- Dykk bidreg til fleire i jobb og eit sosialt berekraftig samfunn.

Kva forpliktar bedrifta seg til?

- Inkludere deltakaren fagleg og sosialt på arbeidsplassen.
- Motivere deltakar til å lære om norsk arbeidsliv og snakke norsk
- Ha ein medarbeidar som hjelper deltakar på arbeidsplassen
- Gje deltakaren ein referanse til hjelp ved framtidige jobbsøk

Vil du tilby praksisplass til flyktningar?

Du kan ringe 950 41 185 ELLER sende ein e-post til:
gro.tove.sandnes@bygland.kommune.no

Kultur

Folkebiblioteket i Bygland

Biblioteket er i vanleg rute att 01.02.2024.

Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025



Bilete: Arbeidsplass. Fotograf: pixels.com



| | Bygland | Byglandsfjord |
|---------|---------------|---------------|
| måndag | 11.30 – 15.00 | 16.30 - 19.00 |
| tysdag | 16.00 – 18.00 | 10.00 – 14.15 |
| torsdag | 13.00 – 17.00 | |



Bilete 1: Biblioteket på Byglandsfjord ved gamle jernbanestasjon, av Johannes Hansen

Bilete 2: Biblioteket i Bygland sentrum, av Susanne Hegenscheidt

Som nevnt i *Helsing frå ordføraren* (s. 1) kjem biblioteket på Bygland til å flytte inn i det førre bankbygget i Bygland sentrum (Sentrum 16) i løpet av våren 2024. Dei lokalene der biblioteket er i dag blir i framtida heim til Bygland Ungdomsklubb! 😊

Kyrkjene i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkelyd.no og på Facebook.



Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

Gudstenester (med atterhald)

- søndag 04.02. kl. 18.00: Gudsteneste i Bygland kyrkje v/ Kjell Steinbru
- søndag 03.03. kl. 16.00 Visitasgudsteneste i Sandnes kyrkje i Åraksbø. Song av Evje og Hornnes Menighetskor



Bilete: Bygland kyrkje. Fotograf: Susanne Hegenscheidt

Andakter på Byglandsheimen

- tysdag 06.02., kl. 14.00 v/Kjell Steinbru
- tysdag 20.02., kl. 14.00 v/ Tove Tveitå
- torsdag 29.02., kl. 13.30 v/ Biskop Stein Reinertsen

Konfirmantundervisning v/ Kjell Steinbru på Vonheim, Bygland

- tysdag 06.02., kl. 16.00 Felles konfirmantundervisning i Evje kyrkje
- torsdag 29.02., kl. 14.15 Konfirmantundervisning. Biskopen kjem

Bispevisitas i Bygland 28./29. februar og 3. mars.

Biskop i Agder og Telemark bispedømme, Stein Reinertsen kjem på visitas til Bygland og Årdal sokn saman med ein delegasjon i slutten av februar. Han skal vitje Bygland & Årdal sokn 28. og 29. februar og delta i ulike arrangement. Bispevisitasen blir avslutta av Visitasgudstenesten 03.03.24.

onsdag 28.02.24:

kl.14.30: Besøk på ARA Byglandsfjord

kl.16.30: Samling på Revsnes hotell

Møte med tilsette

Møte med sokneråd

kl.19.30: Middag for

sokneråd/tilsette/prost/biskop/friviljuge m.m.

Kl.21.00: Organist Knut Olav Uppstad spelar religiøse folketonar.

torsdag 29.02.24:

kl.09.00: Møte med frukost på KVS Bygland.

kl.11.00: Møte/lunch med Bygland kommune.

kl.13.30: Andakt på Byglandsheimen.

kl.14.15: Samling med konfirmantane.

kl.15.30: Møte med Containertec

kl.17.00: Konsert i Bygland kyrkje

kl.18.00: Ukrainakveld i Bygland kulturscene

sundag 03.03.24:

kl.16.00: Visitasgudsteneste i Sandnes kyrkje
Åraksbø.

Song av Evje og Hornnes Menighetskor

Ukrainakveld på Bygland kulturscene

Bygland og Årdal kyrkjelege fellesråd inviterer til ny Ukrainakveld, torsdag 29.02. kl. 18.00
Det blir ukrainsk mat, musikk og underholdning.

Biskopen Stein Reinertsen kjem til å delta.


Vi ønskjer alle bygglendingar velkomen! 😊



*Biskop i Agder og Telemark
bispedømme, Stein Reinertsen*



*Bilete: Sandnes kyrkje Fotograf:
Susanne Hegenscheidt*



*Bygland kulturscene ved Bygland
skule. Fotograf: S. Hegenscheidt*

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT:

*Postadresse: Bygland frivilligsentral, Sentrum 18,
4745 Bygland, e-post: post@bygland.*

*frivilligsentral.no. Nettside:
bygland.frivilligsentral.no*



Besøksadresse: Presteneset 2, 4745 Bygland

Ansvarleg for frivilligsentralen og BUA: **Guro Kvaale Skibsrud**, tlf. 945 10 770.

Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Bygland frivilligsentral:

- **Språkkafé:** ikkje for tida
- **Bingo:** tysdagar kl. 18.00 – 20.00 (06.og 20.02.)
- **Strikke kafé:** 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (01. og 15.02.)
- **Måndags kafé (OBS! tidlegare Tysdags kafé):** måndag ar i oddetallsveker, kl. 12.00 – 14.00 (12. og 26.02.)
- **Bygdemiddag:** tysdagar i oddetallsveker, kl. **16.00** – 18.00 (13.og 27.02.)
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30 – Byglandshallen
- **Seniorsenter:** måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (12. og 26.02.)
- **Teppewbowl:** torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30, Byglandshallen; 22.02. **(OBS! ikkje 08.02.)**

BUA Bygland

Tur til Brokke for ungdom søndag 25.02.2024 kl. 08:30 - 17:30, Brokke Alpinsenter

Vil du vere med på ein morosam dag i Brokke Alpinsenter?

Alt er gratis!! Buss, mat, dagskort og utstyr via BUA.

Me booker buss som starter på Byglandsfjord kl. 08.30 og returnerer til Byglandsfjord. Me legg til rette for å plukke opp ungdom langs vegen til Brokke.

For dei som ikkje har årskort, dekker me dagskort.

For dei som ikkje har utstyr, låner me ut frå BUA så langt lageret held. HUGS Å GÅ INN Å RESERVERE det du treng på førehand (minimum 3 dagar før

avreise). Det gjer du her: <https://www.bua.no/utlansordninger/bua-bygland> . Får du det ikkje til kan du kontakte vakttelefonen vår på 945 02 858. Den er open frå 15.30-20.00 på kvardagar og 10.00 -12.00 på laurdagar.

For dei som vert svoltne, serverer me hamburger frå bålpanne ved nistebua på Brokke.

Det er også mogleg å gå på langrenn denne dagen. Langrennsutstyr kan også lånes frå BUA. RESERVER på <https://www.bua.no/utlansordninger/bua-bygland>

For meir informasjon og påmelding: bygland.frivilligsentral.no



**BYGLAND
FRIVILLIG
SENTRAL**

**BUA & FRIVILLIGSENTRALEN
INVITERER 6. - 10. KLASSINGAR
I BYGLAND TIL
GRATIS DAG I BROKKE
ALPINSENTER**

**DATO: 25.2.24
AVREISE FRÅ BYGLANDSFJORD
KL. 08.30, SÅ PLUKKER VI DEG
OPP PÅ VEG OPPOVER.
VI SPANDERER BUSS,
DAGSKORT OG MAT.
PÅMELDING HER
INNAN 20.2.24:
[HTTPS://BYGLAND.FRIVILLIGSENTRAL.NO/
HENDELSE?TUR-TIL-BROKKE-FOR-
UNGDOM.-250224&ID=1677352](https://bygland.frivilligsentral.no/hendelse?tur-til-brokke-for-ungdom.-250224&id=1677352)**

OM DU YNSKJER Å LÅNE UTSTYR KAN DU GJERE
DET PÅ WWW.BUA.NO/BYGLAND TLF. 94502858
OBS. TELEFONEN ER BEMANNA AV FRIVILLIGE MÅND.
- FRED. KL 15.30 - 20.00 OG LAURDAG KL. 10.00 -
20.00
ME VIL GJERNE HA MED NOKON VAKSNE OG.
MELD DEG PÅ I PÅMELDINGSSKJEMAET.

BUA

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

Klubbleiar: **Kim Andre Nomeland Thorstensen**, tlf. 984 69 989

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

1x/månaden:

fre: kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. kl. (Årdalshallen)

lau: kl. 19.00 - 23.++ 8.kl- VGS (Byglandshallen)

Til våren 2024 flyttar ungdomsklubben til det noverande biblioteks bygget i Bygland sentrum. Det blir óg oppretta ei 20 % ungdomsarbeidarstilling med fokus på Byglandsfjord. 😊



24-t datatreff i Kulturscena

Det vert planlagt datatreff/LAN med Bygland ungdomsklubb i Bygland kulturscene frå fredag 09.02 - laurdag 10.02.2024.

Arrangementet er for de som går i 6 - 3.klasse VGS, og som har tilhøyrse til Bygland kommune. Dette gjeld også KVS-elevar.



Bilete: Datatreff 2023. Fotograf: S.Hegenscheidt

Ein krev påmelding for dei som skal overnatte! Dørene stenger kl. 24.00 fredag kveld. (Det betyr at de som ikkje skal overnatte MÅ reise heim) Dersom det er vaksne som kan tenkje seg å stille som vakt, tak gjerne kontakt med leiar.

Det er sjølvsgatt lov å kome innom og gå som ein sjølv ynskjer på dagtid. Ein gjer merksam på, at filmar og spel, som vert synt av deltakarane under arrangement kan overskride gjeldande aldersgrense! Alt av utstyr ein treng for å spele/overnatte må ein sjølv medbringe. Det er høve for å steike pizza ved gitte tidspunkt.

Påmeldingsfrist er **ONSDAG 07.02. kl. 20.00!**

Påmeldingskjema finn du på ungdomsklubben si FB -side.

Arrangementet er **GRATIS** for alle deltakande 😊

Spørsmål, ring eller send sms på telefon: 984 69 989.

Helsing

Klubbleiar, Kim Andre Nomeland Thorstensen.

Tømekalender for Bygland kommune – februar 2024

- **Mataavfall og restavfall:** veke 6: torsdag 08.02.
- **Papir og plast:** veke 08: tysdag 20.02.
- **Mataavfall og glass/metall:** veke 08: torsdag 22.02.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (14.02.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (24.02.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (10.02.)
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt NR. 54

*Bilete: Framside: På heia, av Frank Egil Reise.
Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com,
S. Hegenscheidt. Red.notat: S. Hegenscheidt. Kva skjer: Byglandsfjorden av Johannes Hansen. 🌸
Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Ingen i denne utgåva. Byglandsnytt mars 2024: 04.03., skrivefrist 28.02.*



KINO PÅ BYGLAND

Bygdekinoen: Bygland kulturscene - onsdag 21. februar 😊

Kiosk: Framsteg 4H

Ingen filmer er lagt til denne speledagen enno.

Bygland filmklubb: søndag 25.02. kl. 19.00, Bygland kulturscene

SØNDAG 25.02 KL: 19:00
ONDSKAPENS HOTELL (1980)
ALDERSGRENSE: 15 ÅR
PSYKOLOGISK GRØSSER M/JACK
NICHOLSON



YMSE

**STOGA kulturkafé og BYGLAND
TURISTKONTOR**, Presteneset 10,
4745 Bygland, tlf. 907 81 105

På FB: facebook.com/StogaAS

open

- fredagar kl. 13.00 – 19.00
- sundagar kl. 11.00 – 19.00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og over enkelte turar
- fiske og fiskekort i Bygland / info om bomvegar i Bygland
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

Konsert Down from the mountain

– fredag 09.02. kl. 20.00

med Inger Lien, Gøril Ramo Håve og
Knut Tore Bratland.

Billettsal i døra: kr. 250




Bilete: Olav Grendstad



Beek om Benneche – laurdag 24.02. kl. 18.00

Olav Benneche (1883-1931), nemd som ein av dei fire sørlandsforfattarane, skreiv kan hende den fyrste skjønnlitterære romanen frå Setesdal, ein trilogi han skreiv på setesdalsdialekt. Dag Beek har skrive hefte om Olav, og kjem til Stoga for å fortelje. Billettsal i døra: kr. 100



Human-Etisk Forbund i Setesdal, Ope

medlemsmøte - laurdag 17. februar, kl. 17.30

Velkommen til hyggeleg medlemsmøte. Vi inviterer til mat og prat, underholdning og engasjerande foredrag

- Servering av enkel tapas, marsipankake og 4 småkaker frå fransk/norsk konditori. Alt dagsferskt frå Sofie i Stoga.
- Regionslagleiar i Human-etisk Forbund, Øystein Djupedal, Høyrepopulismen kastar på nytt lange skuggar over Europa.
- Stand up – Grendstad show med far og dotter.

Av hensyn til serveringen må vi be deg melde deg på til Kristian Røssaak, epost Kristian.Rossaak@human.no innen 13. februar.



*Bjoren
Brygge*
FEBRUAR
3. åpen pub.
17. Vinsmaking.
24. Dans på lokalet

VED ANDRE
HENDVENDELSER,
SLÅ PÅ TRÅDEN!
93262168 Nina

BJOREN BRYGGE

Meny
FEBRUAR

1. KOMPER
8. LAPSKAUS
15. KOMPER
22. KYLLING GRYTE
29. BISPEVISITAS,
kom på kulturscenen!
kl 18.00

*You're
Invited!*

BJOREN BRYGGE

Kong Hanes Eftf – onsdagar kl. 19.30
musikkrom, Bygland skole

Byglandsfjord barnekor – annankvar
måndag kl. 17.00, Fredheim bedehus,
Byglandsfjord (15. og 29.01.)

Bygland Hornmusikk – kvar tysdag kl.
18.00 på Bygland kulturscene



Badminton i Byglandshallen - torsdagar kl. 19.00 – 20.30. Instruktørar:
Astrid og Steinar Carlsen / Bygland IL

Bokkafé på biblioteket på Byglandsfjord – tysdagar kl. 12.00

BTW - Bygland teater workshop for unge, torsdagar kl. 15.00 – 17.00, Bygland frivilligsentral.

Instruktører: Astrid Carlsen og Karna Emblemsvåg.



Bytte/gjenbruk av klede og utstyr – torsdag 08.02. kl. 18.00 – 20.00, Bygland kulturscene

Har ungen vakse ut av skiskoa eller sommerkjolen?

Me inviterer dykk til ein triveleg kveld der du kan kvitte deg med noko, kome heim med noko eller bare slå av ein prat med ein sambygding. 😊



Fotograf: Ingrid Homme Bolstad
Arrangør: Tone, Birgit og Ingrid

Tanken er at det er klede og diverse utstyr for barn/ungdom ein kan få tak i. Det vil og bli rigga til gratisbord der ein kan legge ned ting ein vil bli kvitt som er heilt og fint. Me ordnar bord, men tar med klesstativ om du har.

Ynskjer du å selge noko så send melding til Ingrid, tlf. 97755137.

Bygland kommune og Bygland Næringslag

Møte med næringslivet – tysdag 06.02. kl. 17.00 – 19.00, Revsnes Hotell.

Bygland kommune inviterer til eit ope diskusjonsmøte for næringsdrivande i Bygland den 6. februar på Revsnes hotell, med tema:

Kva konkret skal vi jobbe med i omstillingsperioden?

Velkomen!



KVA SKJER I BYGLAND?
Februar 2024
 (med atterhald om endringar)



| DATO | ARRANGØR OG STAD | TID | ARRANGEMENT |
|--|---|---------------------|--|
| sundag 04.02. | Bygland kyrkje | 18 | Gudsteneste |
| tysdag 06.02. | Byglandsheimen | 14 | Andakt |
| | Bygland kommune; Revsnes hotell | 17-19 | Ope møte med næringsdrivande (sjå s. 23) |
| torsdag 08.02. | Bygland kulturscene | 18-20 | Bytte/gjenbruk av klede og utstyr |
| fredag 09.02 | Bgl. Ungdomsklubb; Bygland kulturscene | 15 – 15 (10.02.) | 24-h-datatreff (LAN) |
| | Stoga | 20 | Konsert Down from the mountain |
| laurdag 17.02. | Bjoren Brygge | | Vinsmaking |
| | Human-etisk Forbund I Setesdal; Stoga | 17.30 | Ope medlemsmøte (sjå s. 21) |
| tysdag 20.02. | Byglandsheimen | 14 | Andakt |
| laurdag 24.02. | Stoga | 18 | Beek om Benneche (sjå s. 21.) |
| | Bjoren Brygge | | Dans på lokalet |
| Sundag 25.02. | BUA Bygland - Brokke | dagstur | Tur til Brokke for unge (s. 17) |
| torsdag 29.02. (program bispe- visitas sjå s. 16 | Byglandsheimen | 13.30 | Andakt v/ biskop St. Reinertsen |
| | Bygland kyrkje | 17 | Bispevisitas konsert |
| | Bygland kulturscene | 18 | Ukrainakveld |

Bygland frivilligsentral: sjå s. 11/12 Open dag i Byglandsheimen: kvar onsdag, kl. 11-14